

---

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Sendt:** 20. februar 2017 11:42  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Offentleg ettersyn - Lindås - Gnr 108 bnr 161 - Fonnebostvegen - Konsentrerte småhusbustader - Detaljreguleringsplan

Vi viser til brev av 01.02.2017, dykkar ref. 15/2222-17/515, med høyringsfrist 22.02.2017.

Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for Fonnebustvegen, gnr. 108 bnr 161, Lindås.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av to vertikaldelte tomannsbustader. Området er regulert til bustad, veg, leik og friområde i reguleringsplan for Kolås III. Bustadene vil i hovudsak ligge innanfor område regulert til bustad, men vil føre til ein reduksjon av område regulert til leik.

#### Vurdering

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet i hovudsak er i samsvar med gjeldande plangrunnlag, og at det ikkje er i strid med nasjonale føresetnader for arealpolitikken innanfor ansvarsområda våre.

Vi ser på planarbeidet som ei positiv fortetting av eit etablert bustadområde i nær tilknytning tilboda i Lindås senter, i samsvar med intensjonane i dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Fylkesmannen meiner elles at det er eit godt utarbeidd planframlegg som kommunen har lagt ut på høyring, og finn at rådmannen har gjort ei tenleg vurdering av potensielle verknader.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Christian J. Alstad  
seniorrådgjevar, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland